

# Innkalling til årslaugsmøte for år 2021 i Solund Sendebrettlaug

SSL er ei undergruppe av Solund IL.

Stemmerett på årslaugsmøtet har berre dei som er over 15 år og som også er medlem i Solund IL.

**Møtestad:** Gapahuken ved Arboretet

**Møtetid:** Laurdag 26.mars 2022 kl. 17:30

**Det blir invitert til ein diskgolfrunde kl. 15:00 i forkant av årsmøtet**

**Det blir grilling i Gapahuken på tampen av årsmøtet.**

## Saksliste:

- Godkjenning av dei som har stemmerett
- Godkjenning av innkalling og sakliste
- Val av møteleiar, referent og 1 laugsmedlem til å skrive under protokollen saman med møteleiar
- Godkjenning av lauket si årsmelding - Sjå vedlagte framlegg til årsmelding
- Godkjenning av lauket sin årsrekneskap - Sjå vedlagte framlegg til årsrekneskap  
Årsrekneskapen er ikkje ferdig revidert enno.
- Fastsetjing av medlemskontingent
  - Kr. 200 pr. medlem
  - Kr. 400 for familiemedlemsskap (inkl. «born» til og med siste ungdomsskuleår)  
*I medlemskapen er det i år 2022 inkludert ein medlemslaugsdisk*
- Val av laugsrådsmedlemer og 1 varalaugsmedlem.

## Dagens laugsråd:

Kjell Mongstad (laugsrådsleiar)	på val	(kan ta attval til styret)
May Brith Kalgraff	på val	(tek ikkje attval)
Mark Elvevåg	på val	(tek ikkje attval)
Endre B. Natvik	på val	(tek attval)
Fanni Balatoni	ikkje på val	
Kim Arnes	ikkje på val	
Kristian Heimdal Leirvåg	ikkje på val	
Håvard Mongstad	ikkje på val	

Det vert lagt fram kandidatforslag til styret, i møtet.

## Vararepresentant:

Laugsrådet har 8 medlemer. Det har så langt ikkje vore trong for vararepresentantar

## Laugsrådsleiar:

Framlegg til ny styreleiar vert lagt fram i møtet

Revisorrolla følgjer den som vert vald til revisor for Solund IL.

## Valnemnd:

Laugsrådet har vore valnemnd fram til no.

Laugsrådet fordeler roller, ansvar og oppgåver seg imellom, som t.d. Baneansvarleg, Teknisk delegert, Aktivitetsansvarleg, etc.

- Godkjenning av Handlingsplan 2022 – framlegg frå laugsrådet:
  - Kjøpe inn diskar.
  - Lage «Lost disk»-kasse. Som ein del av å lage «lost disk»-kassen er det ynskje om å få laga eit rom for ei bok der folk kan notere rundar som er gjennomført. Dette for å kunna hente ut ein statistikk for kor mange som nyttar banene
  - Re-etablere dagens 9- og 18-korgsbane
  - Fortsetje Solund som diskgolfdestinasjon / utvide bana med 4 korgar

- Arrangere Laugsmeisterskap på våren og Solund Open på hausten, anten som Vestkysttour eller om denne ikkje vert gjennomført, som ein frittståande konkurranse ?
  - Skaffe sponsorar og finansiering til arrangement / konkurransar
  - Planlegge Pargolf-NM ?
  - Levere diskgolfskurs som del av eit reiselivsprodukt
  - Reise saman og spele på ulike baner / ulike turneringar i regionen / landet
  - Innarbeide lørdags- eller søndagsgolfsen som fast treffpunkt. Legge inn eit ekstra folkeleg element i søndagsgolfsen som skaper breiare engasjement rundt diskgolfsaktiviteten.: «Kast til London» - konsept
  - Innandørs vinterputting (inkl. opplæring) ?
  - Invitere til opplæring i diskgolf og gjennomføre nybegynnarrundar
  - Fokus på rekruttering, samarbeid og å ha det gøy
- Budsjett 2022 - Framlegg frå laugsrådet vert lagt fram i møtet
  - Saker som medlemmer ynskjer ta opp på årslaugsmøtet, må vera innmeldt til styreleiar innan 15. mars

Hardbakke 10. mars 2022

Laugsrådet i Solund Sendebrettlaug